

Møteinnkalling

Utval:	Fylkesvalstyret
Møtestad:	, Digitalt møte
Dato:	01.06.2021
Tid:	09:00

Info om oppkobling til møte kjem på epost.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkesvalstyret. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland

leiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 11.05.2021	2020/49095	
	Politiske saker		
PS 3/21	Stortingsvalet 2021 - godkjenning av listeforslag for valdistriktet Hordaland	2020/49095	
PS 4/21	Stortingsvalet 2021 - godkjenning av listeforslag for valdistriktet Sogn og Fjordane	2020/49095	

Godkjenningssaker
GK 5/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksnr: 2020/49095-50
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesvalstyret	6/21	01.06.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 11.05.2021

Protokoll frå møtet i fylkesvalstyret 11. mai 2021 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Fylkesvalstyret
Møtestad:	Digitalt
Dato:	11.05.2021
Tid:	09:10-09:50

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	Sp
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Noralv Distad	Medlem	H
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Morten Klementsén	Medlem	UA
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Marthe Hammer	Medlem	SV
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	Frp

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bertil Sjøfteland	Seksjonsleiar politisk sekretariat

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Arkiv-saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 25.03.2021	2020/60438	
	Politiske saker		
PS 2/21	Stortingsvalet 2021 - handsaming av søknadar om fritak	2020/49095	

Godkjenningssaker GK 3/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 11.05.2021

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 25.03.2021

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 11.05.2021

Møteprotokoll frå møtet i fylkesvalstyret 25. mars 2021 vart godkjent utan merknadar.

Politiske saker

PS 2/21 Stortingsvalet 2021 – handsaming av søknadar om fritak

Forslag til vedtak

Følgjande vert fritaken frå å stå på innlevert listeforslag ved stortingsvalet 2021:

Valdistrikt Sogn og Fjordane

Namn	Parti
Harald Hyllene	Pensjonistpartiet

Valdistrikt Hordaland

Namn	Parti
Kurt Pedersen	Alliansen
Åsmund Neubauer	Alliansen
Jahn Stefan Madsen Orø	Piratpartiet
Esben André Helland	Fremskrittspartiet
Kathleen Petterson	Partiet sentrum
Tom Vivelid	Kystpartiet

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 11.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Følgjande vert fritaken frå å stå på innlevert listeforslag ved stortingsvalet 2021:

Valdistrikt Sogn og Fjordane

Namn	Parti
Harald Hyllene	Pensjonistpartiet

Valdistrikt Hordaland

Namn	Parti
Kurt Pedersen	Alliansen
Åsmund Neubauer	Alliansen
Jahn Stefan Madsen Orø	Piratpartiet
Esben André Helland	Fremskrittspartiet
Kathleen Petterson	Partiet sentrum
Tom Vivelid	Kystpartiet

Politiske saker
PS 3/21 Stortingsvalet 2021 - godkjenning av listeforslag

Saksnr: 2020/49095-49
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesvalstyret	3/21	01.06.2021

Stortingsvalet 2021 - godkjenning av listeforslag i valdistriktet Hordaland

Forslag til vedtak

Følgjande innkomne listeforslag med slik overskrifter vert godkjende som offisielle vallister ved stortingsvalet 2021 i valdistriktet Hordaland:

- Alliansen - Alternativ for Norge
- Arbeiderpartiet
- Demokratene
- Folkeaksjonen nei til mer bompenger Vestland
- Fremskrittspartiet
- Generasjonspartiet
- Helsepartiet
- Høyre
- Industri- og Næringspartiet
- Kristeleg Folkeparti
- Kystpartiet
- Liberalistene
- Miljøpartiet De Grønne
- Norges Kommunistiske parti
- Partiet De Kristne
- Partiet Sentrum
- Pensjonistpartiet
- Piratpartiet
- Rødt
- Senterpartiet
- SV - Sosialistisk Venstreparti
- Venstre

Samandrag

Innan fristen 31. mars var det levert inn 22 listeforslag til stortingsvalet 2021 for valdistriktet Hordaland. I samsvar med lov og forskrift har forslagsstillarane gjort nødvendige endringar for å få listeforslaga i samsvar med krava i lova.

Det vert rådd til at alle listeforslaga vert godkjende som offisielle vallister ved stortingsvalet 2021 i valdistriktet Hordaland slik dei ligg føre i vedlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Innleverte listeforslag

Det er innlevert 22 listeforslag til stortingsvalet 2021 for valdistriktet Hordaland.

Parti	Tillitsvald	Varatillitsvald
Alliansen - Alternativ for Norge	Frode Kristiansen	Ravn Dagg
Arbeiderpartiet	Marte Mjøs Persen	Torgeir Toppe
Demokratene	Svein A. Grønnevik	Hilde Bjørkhaug
Folkeaksjonen nei til mer bompenger Vestland	Bjarne Karsten Bergesen	Cato Siljander
Fremskrittspartiet	Gustav Bahus	Helge Andre Njåstad
Generasjonspartiet	Adele Nilsen	Jorunn Alfhild Tvedt
Helsepartiet	Vivian L. Veum	Thomas Aksnes
Høyre	Tom Georg Indrevik	Anette Strand
Industri- og Næringspartiet	Joar Nesse	Grethe Liv Eide
Kristeleg Folkeparti	Jarle Jacobsen	Morten Helland
Kystpartiet	Kjetil Berland	Morten Andreas Hilleren
Liberalistene	Jørgen Gundersen	Kenneth Skorpen
Miljøpartiet De Grønne	Anita Bakken	Birger Kristian Berntsen
Norges Kommunistiske parti	Alexander Nicolaysen Sørnes	Trygve Jan Horgen
Partiet De Kristne	Marita Moltu	Elisabeth Leirgul
Partiet Sentrum	Paal T. Myklebust	Kathleen Pettersson
Pensjonistpartiet	Kurt Johnny Hæggernæs	Knut Amundsen
Piratpartiet	Olav Johannes Handeland	Ståle Olsen
Rødt	Magne Hagesæter	Åsne Hagen
Senterpartiet	Jostein Ljones	Alexander F. Andersen
SV - Sosialistisk Venstreparti	Audun Syltevik	Torunn Olsnes
Venstre	Åsta Årøen	Jo Einride Lerheim

Nærare om listeforslaga

Etter vallova § 6-6 skal fylkesvalstyret innan 1. juni avgjera om listeforslaga skal godkjennast.

Listeforslag må etter § 6-1 vera kome inn til fylkeskommunen innan fristen kl. 12:00 den 31. mars i valåret. Alle listene er levert innan fristen.

22 listeforslag vart levert inn i valdistriktet Hordaland. Det er fem fleire listeforslag enn ved stortingsvalet i 2017. Ei liste frå 2017 er vekke. Det er Feministisk Initiativ. Det inneber at det er seks nye lister i Hordaland. Dei er

- Industri- og Næringspartiet
- Partiet Sentrum
- Pensjonistpartiet
- Folkeaksjonen Nei til mer bompenger
- Norges Kommunistiske Parti
- Generasjonspartiet

Merk at eitt parti som stilte for fire år sidan, Alliansen, har skifta namn til Alliansen - Alternativ for Norge.

Listeforslaga har i samsvar med vallova § 6-6 vore lagt ut til offentlig gjennomsyn. Det er ikkje kome klager eller protestar mot nokon av listene.

Vedtakskompetanse

Jamfør vallova § 6-6 har fylkesvalstyret mynde til å gjere vedtak i saka.

Vurderingar og verknader

Krav til listeforslaga

Overskriftene på listene må etter vallova § 6-1 vera einslydande med partiet sitt registrerte namn. Dette er korrigert i samsvar med vallova § 6-6, og alle listeforslaga oppfyller kravet i lova.

Listeforslaga må ha minimum 16 kandidatar og maksimalt 22 kandidatar. Kravet er oppfylt for alle listeforslaga.

Etter vallova § 6-3 er det tilstrekkeleg at minst to styremedlemer i lokalavdelinga skriv under listeforslaget dersom partiet er registrert i partiregisteret og hadde ein viss oppslutning ved føregåande stortingsval. Det same gjeld parti som er registrert i partiregisteret etter siste stortingsvalet. Dette er oppfylt for 19 av partia. Desse kan behandlast under forenkla regelverk.

Følgjande parti har vorte registrert i Partiregisteret etter førre stortingsval og fyllar difor kravet til forenkla regelverk:

- Alliansen - Alternativ for Norge
- Folkeaksjonen Nei til mer bompenger
- Industri- og næringspartiet
- Partiet Sentrum

Desse registrerte partia fyllar ikkje kravet til forenkla behandling og må samle inn underskrifter jamfør reglane i § 6-3 andre ledd bokstav a i vallova. Det gjeld:

- Kystpartiet
- Norges Kommunistiske Parti

Generasjonspartiet er ikkje eit registrert parti og har ikkje stilt liste ved tidlegare val.

Kystpartiet, Norges Kommunistiske Parti og Generasjonspartiet har levert listeforslag med 500 underskrifter. Underskrivarane er kontrollerte mot folkeregisteret og oppfyller kravet m.o.t. røysterett i valdistriktet.

Fylkesvalstyret vedtok i møtet 25.03.2021 at listestillarane hadde frist til 16.05.2021 for å syte for at listeforslaget er i orden. Nokre listestillarar hadde ikkje sett listeforslaget i orden før denne tid. Når denne saka vert skrive er alle listeforslaga sett i orden.

Tillitsvalde

Det er krav i vallova § 6-1 at det må vere to tillitsvalde som har signert listeforslaget. Jamfør vallova § 6-3 må dei tillitsvalde:

- ha røysterett i valdistriktet.
- vere styremedlem i lokallaget (fylkes- eller valdistriktsnivå). Dette kravet gjeld berre parti som vert behandla under forenkla regelverk.

Av ulike grunnar har fleire parti opphavelig ikkje fylt desse krava til tillitsvalde. Alle listeforslaga fyllar no krava i vallova i samband med krav til tillitsvalde.

Listekandidatane

Alle kandidatane på listeforslaga er kontrollerte mot folkeregisteret m.o.t om dei er valbare. To av kandidatane var ikkje valbare.

Kandidatane på listene har i brev sendt 14.-19.04.21 fått melding om at dei er førde opp på listeforslaget til det aktuelle partiet, og at dei må søkja fritak innan 02.05.21. Det er opplyst at retten til å krevja fritak går tapt om ikkje fristen vert halden. Departementet har rådd til at kandidatane ikkje bør ha mindre enn ei veker frist.

Breva er sendt ut via KS SvarUT, og går då til DigiPost, E-boks eller Altinn. Om kandidatane har reservert seg mot digital kommunikasjon eller ikkje opna brev i Altinn innan 40 timar, vart det sendt i fysisk brev. Dei som brukar DigiPost og E-boks har forplikta seg til å opne brev som kjem dit.

Nokre brev er komne i retur fordi den folkeregistrerte adressa ikkje samsvarar med postadressa. Desse breva er sendt til anna adresse.

Fylkesvalstyret behandla søknadene om fritak i møtet 11.05.2021. Av i alt seks søknader er seks innvilga, jfr. PS 2/21.

Generelt

På nokre av listeforslaga var det gjeve opp feil etternamn, mellomnamn som er registrert i folkeregisteret var ikkje opplyst, fornamn og etternamn var bytta om eller at bustadkommune var feil. Det er det namn og bustadkommune som kandidaten er registrert med i folkeregisteret som må nyttast. Det vart teke kontakt med listestillarane vedkommande dette, slik at dei fekk høve til å retta opp.

Kandidatane skal førast opp med for- og etternamn. Det er kandidaten sitt rette etternamn som må brukast sjølv om vedkommande ikkje er kjend under dette. Det namnet kandidaten er kjend under bør tilføyast i parentes. I praksis er det lagt til grunn at kandidaten kan førast opp med eit tilnamn, dersom vedkommande er allment kjend under dette, i staden for fornamnet.

Utforminga av røystesetelen avgrensar kor mange teikn ein kan bruke på namn og bustad/stilling.

Namnet til ein kandidat (inkludert fornamn, mellomnamn og etternamn) kan ikkje ha fleire enn 35 teikn. Det vart teke kontakt med tillitsvald for lista og lista vart korrigert slik at det høver med plass på røystesetelen.

Nokre parti hadde mange opplysningar om kandidatane på innlevert listeforslag. Bustad og stilling kan saman ikkje ha fleire enn 25 teikn. Det vart teke kontakt med tillitsvald for lista og lista vart korrigert slik at det høver med plass på røystesetelen.

I forslaget til godkjende lister som ligg i saka er endringane innarbeidde.

Særskilt om listeforslaga

Her er oversikt over dei listeforslaga der det er noko særskilt å nemne. Dei som ikkje er nemnt her har berre hatt generelle merknadar til listeforslaget sitt, eller har sett listeforslaget sitt i orden før fylkesvalstyret sin frist, 16.05.2021.

Alliansen - Alternativ for Norge

To av kandidatane på listeforslaget til Alliansen - Alternativ for Norge søkte om fritak frå å stå på liste. Søknadane vart innvilga. Partiet valde å erstatte kandidatane på dei same plassane på lista.

Fremskrittspartiet

Ein av kandidatane på listeforslaget til Fremskrittspartiet søkte om fritak frå å stå på liste. Søknaden vart innvilga. Partiet valde å rykke opp lista utan å legge til ein kandidat nedst.

Generasjonspartiet

På listeforslaget til Generasjonspartiet har ein kandidat ikkje norsk statsborgarskap per 25.05.2021. Vedkommande har sendt inn erklæring på at vedkommande har søkt om norsk statsborgarskap.

Vallova seier i § 3-1:

«§ 3-1. Valgbarhet ved stortingsvalg
(1) Valgbar til Stortinget og pliktig til å ta imot valg er alle som har stemmerett ved valget, og som ikke er utelukket eller fritatt.
...»

Alle kandidatar må difor ha røysterett på valdagen (13.09.2021). Det krev at kandidatane er norske statsborgarar. Om kandidaten ikkje fyllar krava i vallova § 3-1 (1) i vallova på valdagen, vil kandidaten ikkje vere valbar. Kandidaten vert då fjerna frå valoppgjeret.

Partiet er informert i e-post 20.04.2021 at kandidat 2 vert fjerna frå valoppgjeret om ho ikkje er valbar på valdagen. Partiet har stadfesta at dei vil halde på vedkommande som kandidat 2.

Fylkesvalstyret kan difor godkjenne listeforslaget innan fristen 01.06.2021. Om kandidaten ikkje er registrert i folkeregisteret 13.09.2021, vert kandidaten fjerna frå valoppgjeret.

Kystpartiet

Ein av kandidatane på listeforslaget til Kystpartiet søkte om fritak frå å stå på liste. Søknaden vart innvilga. Partiet valde å erstatte kandidaten på den same plassen på lista.

Liberalistene

Det var ikkje mogleg å stadfeste om varatillitsvald for listeforslaget var styremedlem i lokallaget, og partiet vart difor bedt om å stadfeste dette. Partiet sendte slik stadfesting 21.05.2021, 4 dagar etter fristen fylkesvalstyret vedtok for listestillar å sette listeforslaget i orden.

Miljøpartiet De Grønne

Partiet skulle sende inn stadfesting på ein kandidat der det var uklart om det var rett person. Partiet sendte slik stadfesting 20.05.2021, 4 dagar etter fristen fylkesvalstyret vedtok for listestillar å sette listeforslaget i orden.

Partiet Sentrum

Ein av kandidatane på listeforslaget til Partiet Sentrum søkte om fritak frå å stå på liste. Søknaden vart innvilga. Partiet valde å rykke opp lista og å legge til ein kandidat nedst.

Pensjonistpartiet

Partiet skulle sende inn stadfesting på ein kandidat der det var uklart om det var rett person. Partiet sendte slik stadfesting 26.05.2021, 9 dagar etter fristen fylkesvalstyret vedtok for listestillar å sette listeforslaget i orden.

Piratpartiet

Ein av kandidatane på listeforslaget til Piratpartiet søkte om fritak frå å stå på liste. Søknaden vart innvilga. Partiet valde å rykke opp lista utan å legge til ein kandidat nedst. Partiet sendte stadfesting på dette 25.05.2021, 8 dagar etter fristen fylkesvalstyret vedtok for listestillar å sette listeforslaget i orden.

Kommunikasjon med listestillarane

Fylkesrådmannen har på vegner av leiar i fylkesvalstyret vore i kontakt med dei tillitsvalde for listeforslaga ved fleire høve.

- I veke 15 fekk alle tillitsvalde e-post med informasjon om større manglar ved listeforslaget som var oppdaga til då, samt informasjon om prosessen vidare. Ein e-post vart sendt til feil e-postadresse, og vidareformidla når feilen vart oppdaga.
- Tidleg i veke 19 fekk alle tillitsvalde brev frå leiar i fylkesvalstyret via e-post med ei oppsummering av alle feil eller manglar ved listeforslaga, samt eit utkast av informasjonen som kjem på røystesetelen. Dei tillitsvalde vart bedt om å kome med stadfestingar eller eventuelle innspel til informasjonen som kjem på listeforslaget.
- I veke 20 fekk alle tillitsvalde som ikkje hadde kome med stadfestingar som var førespurd ei påminning.

Fylkesrådmannen har elles vore i kontakt med dei tillitsvalde per e-post eller telefon ved behov. Det har til tider vore vanskeleg å få svar frå nokre av dei tillitsvalde, men for det meste har fylkesrådmannen fått dei svara han treng.

Andre vurderingar

Økonomi: Ikkje aktuelt.

Klima: Ikkje aktuelt.

Folkehelse: Ikkje aktuelt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje aktuelt.

Konklusjon

Etter at fristen for innlevering av listeforslag er gått ut, kan forslagsstillarane berre gjera dei endringane som er nødvendige for å få forslaget i samsvar med krava i lova. Det inkluderer også å setja inn ny kandidat dersom nokon vert stroken frå lista, jfr. valforskrifta § 15.

I forslaget til godkjende listeforslag som ligg i saka er endringane innarbeidde.

3 listeforslag var ikkje sett i orden før fylkesvalstyret sin frist 16.05.2021, men alle listeforslaga er sett i orden per 27.05.2021. På tross av at dei 3 listeforslaga ikkje heldt fristen til fylkesvalstyret, vil fylkesrådmannen rå til at dei vert godkjent som offisielle listeforslag.

Fylkesrådmannen rår fylkesvalstyret til å godkjenna følgjande listeforslag som offisielle vallister slik dei her ligg føre i vedlegget.

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Arbeidarpartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Marte Mjøs Persen	1975	Bergen	Ordførar
2	Odd Harald Hovland	1962	Bømlo	Lensmann
3	Eigil Knutsen	1988	Bergen	Stortingsrepres.
4	R. Linda M. Monsen Merkesdal	1973	Voss	Vernepleiar
5	Lubna Boby Jaffery	1980	Bergen	Byråd
6	Benjamin Jakobsen	1996	Askøy	Student
7	Linda Haugland Jondahl	1967	Ullensvang	Inspektør
8	Øyvind Helland Oddekalv	1968	Alver	Seniorrådgjevar
9	Helena Haldorsen	1998	Bergen	Student
10	Henning Ekerhovd	1967	Øygarden	Avdelingsleiar
11	Torill Torsvik Størkersen	1968	Øygarden	Lærar
12	Roald Aga Haug	1972	Ullensvang	Ordførar
13	Trine Lindborg	1965	Bjørnafjorden	Ordførar
14	Reidar Staalesen	1980	Bergen	Lærar
15	Åse Gunn Husebø	1964	Øygarden	Sjukepleiar
16	Idar Martin Herland	1971	Askøy	Oljearbeidar
17	Line Berggreen Jacobsen	1986	Bergen	Seniorrådgjevar
18	Thor Alf Andersen	1962	Vaksdal	Servicemedarbeida
19	Siri Klokkestuen	1959	Etne	Lærar
20	Johannes Myklebust Bysheim	1977	Bergen	Kontrollar
21	Hilde Koppen	1972	Fedje	HR leiar
22	Jan Fridthjof Bernt	1943	Bergen	Professor

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Demokratene

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Svein Arne Grønnevik	1960		
2	Vidar Sveinung Kleppe	1963		
3	Trygve Barfot	1959		
4	Kent Øystein Andersen	1962		
5	Hilde Herfindal Bjørkhaug	1969		
6	John Herfindal Sandvik	1963		
7	Kjersti Marceliussen	1980		
8	Trond Håvard Hansen	1965		
9	Makvan Kasheikal	1986		
10	Gunnar Larsen	1956		
11	Henning Ferdinand Thunem	1972		
12	Irene Svendsen Sandvik	1964		
13	Kurt Inge Forland	1979		
14	Ine Marie Svendsen Landsvik	1989		
15	Harald André Johansson	1971		
16	Randi Skaar Stohlberg	1966		
17	Jan Berntsen	1939		
18	Tommy Martinsen Tvedt	1983		
19	Bjørn Seo-Larsen	1948		
20	Jan-Inge Aasheim	1968		
21	Jan Ove Fromreide	1966		
22	Kurt Ivar Pedersen	1961		

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Folkeaksjonen Nei til mer bompenger

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Stein Ove Hansen	1962		Daglig leder
2	Cesilie Tveit	1966		Anestesisykepleie
3	Stian Harborg Skare	1976		Daglig leder
4	Einar Hadler Jacobsen	1963		Ingeniør
5	Bjarne Karsten Bergesen	1972		Yrkessjåfør
6	Cato Siljander	1985		Forsikringsagent
7	Jan Erik Strømsnes	1967		Verkstedleder
8	Christian Rolland	1981		Prosjektleder
9	Per Reidar H. W. Asheim	1954		Elektriker
10	Jørgen-André Rødland	1986		Senior
11	Frank Ulvenes	1972		Yrkessjåfør
12	Odd Erik Lind	1968		Ortopeditekniker
13	Roald Johannesen	1950		Daglig leder
14	Vemund Grimstad	1962		Portør/ambulanses
15	Elisa-Beth Tveitnes	1968		Kiropraktor
16	Tore Landmark	1965		Telemontør

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Framstegspartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Helge Andre Njåstad	1980	Austevoll	
2	Silje Hjemdal	1984	Bergen	
3	Sigbjørn Framnes	1965	Stord	
4	Stig Atle Abrahamsen	1987	Askøy	
5	Laila Marie Reiertsen	1960	Bjørnafjorden	
6	Martin Virkesdal Jonsterhaug	2000	Bergen	
7	Ruth Grethe Østebøvik Eriksen	1963	Sveio	
8	Svein Otto Jacobsen	1964	Øygarden	
9	Sigurd Andre Maraas	1975	Fitjar	
10	Helge Stormoen	1968	Bergen	
11	Kenneth Lyng Karlsen	1988	Etne	
12	Frode Nygård	1966	Kvam	
13	Johnny Eidsheim	1960	Masfjorden	
14	Marte Joan Monstad	1993	Bergen	
15	Renate Møgster Klepsvik	1974	Austevoll	
16	Knut Ståle Kvissel	1971	Voss	
17	Thrude E. A. Scheie Mellingen	1970	Bjørnafjorden	
18	Daniel C. Erik Hægglund	1983	Bergen	
19	Anne Lauritsen	1966	Askøy	
20	Reinert Svanberg	1983	Stord	
21	Terje Søviknes	1969	Bjørnafjorden	

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Generasjonspartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Turid Birgithe Sveen	1951	Bergen	Politiker
2	Diana Rouxel	1990	Bergen	Konsulent
3	Arve Hæggernes	1987	Bergen	Trener
4	Morten Johan Bernes Tertnes	1988	Bergen	Vekter
5	Karstein Birkeland	1964	Bergen	Politiker vara
6	Frank-Otto Bruland	1953	Bergen	Beredskap
7	Jorunn Alfild Tvedt	1956	Bergen	Biopat
8	Adele Nilsen	1973	Bergen	Transport
9	Albert Joachim Krüger	1945	Bergen	Pensjonist
10	Ellinor Farestveit	1960	Bergen	Helse og omsorg
11	Atle Sigurd Sveen	1948	Bergen	Daglig leder
12	Margareth Benedikte Sveen	1971	Bergen	Næringsdrivende
13	Britt Signe Bruland	1956	Bergen	Pensjonist
14	Eiliv Konglevoll	1949	Bergen	Pensjonist
15	Janicke Spjeld	1956	Bergen	Økonomi
16	Morten Wigum	1963	Bergen	Brannmester
17	Frank Olaf Sveen	1974	Bergen	CNC mekaniker

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Helsepartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Vivian Lohmann Veum	1970	Bergen	Doktor i ernæring
2	Thore Helland	1969	Manger	Naturterapeut
3	Frank Robert Aadland	1952	Valevåg	HMS-inspektør
4	Linda Mentora Nordskog	1977	Askøy	Psykoterapeut
5	May-Lisbeth Berg Knutsen	1970	Voss	Miljøarbeidar
6	Norvald Johan Blom	1941	Øygarden	Pensjonist
7	Thomas Aksnes	1976	Bergen	Scientific
8	Katrine M A H Nordahl-Stølsnes	1973	Bjørnafjorden	Coach
9	Grethe Rønnevik Adoff	1953	Bergen	Biolog
10	Therece Terjesdotter Aga	1969	Tysnes	Kreftkoordinator
11	Aina Mathisen	1970	Bergen	Trafikktjenester
12	Øystein Ask	1954	Bergen	Radiotekniker
13	Irene Lohmann	1951	Bergen	Økonom
14	Erik Hexeberg	1957	Tønsberg	Lege dr. med
15	Tove Riise Grastveit	1963	Stord	Sykepleier/Biopat
16	Stig Strømme Engelsen	1972	Askøy	MTT Coach
17	Margot Dagestad Carlsen	1963	Bergen	Sykepleier
18	Benedicte Stølen	1994	Førde	Student
19	Mona Vevik	1975	Stord	Helsecoach
20	Vidar Espedal	1970	Bergen	Industrirørlegger
21	Lise Katrine Askvik	1969	Lillestrøm	Journalist

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Høgre

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Erna Solberg	1961	Bergen	
2	Ove Bernt Trellevik	1965	Øygarden	
3	Peter Christian Frølich	1987	Bergen	
4	Liv Kari Eskeland	1965	Stord	
5	Charlotte Spurkeland	1987	Bergen	
6	Lise-May Sæle	1997	Bergen	
7	Karstein Jon Totland	1954	Masfjorden	
8	Erlend Nævdal Bolstad	1983	Ullensvang	
9	Hannah Sumeja Atic	1991	Bergen	
10	Roald Stigum Olsen	1945	Bergen	
11	Iiril Kirstine Schau Johansen	1971	Voss	
12	Brage K. Breivik Engebretsen	1995	Bergen	
13	Thomas Larsen	1994	Alver	
14	Janne Gro Nyheim Rasmussen	1963	Bergen	
15	Anita Melingen	1981	Austevoll	
16	Erlend Hesjedal-Johannessen	1984	Vaksdal	
17	Stian Herøy	1971	Fedje	
18	Henrik Engevik Hatlevik	2000	Stord	
19	Anne Lorgen Riise	1971	Bergen	
20	Lars Einar Hollund	1956	Sveio	
21	Vasan Singaravel	1977	Bergen	
22	Inger-Lise Haug Skarstein	1937	Bergen	

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Industri- og Næringspartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Owe Ingemann Waltherzøe	1963		Partileder INP
2	Bjarte Helland	1971		Nestleder INP
3	Joar Nesse	1970		Fylkesleder
4	Grethe Liv Eide	1965		Logistikkleder
5	Ove Steinestø	1968		Feltteknikar
6	Ragnhild Tvedt	1954		Agronom
7	Silje Caroline Sønstabø	1988		Maskiningeniør
8	Bjarte Bertelsen	1992		Industrimekaniker
9	Camilla Solberg	1993		Prosessteknikar
10	Gunnar Helleland	1962		ROV Senior
11	Johnny Berent Hagen	1967		ROV Supervisor
12	Øivind Berg Husebø	1969		Prosjektleder
13	Tormod Surland Våge	1976		Elektriker
14	Andreas Steinsvåg Stautland	2001		Matros Lærling
15	Lars Magne Vika	1998		Skipselektriker
16	Øystein Opsanger	1991		Isolatør
17	Tommy Sævareid	1960		Seniorrådgiver
18	Willy Kårevik	1978		Automatiker
19	Nils Ove Lauvik	1968		Maskinsjef
20	Magnar Eivind Skålevik	1953		Lærer, Pensjonist
21	Tarjei Helland	2000		Platearbeider
22	Kjerstin Ludvigsen	1963		Forpleiningsassis

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Kristeleg Folkeparti

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Dag-Inge Ulstein	1980	Bergen	Utviklingsministe
2	Astrid Aarhus Byrknes	1963	Alver	Samfunnskontakt
3	Joel Ystebø	2001	Bergen	Student
4	Morten Helland	1973	Bømlo	Realfagslærer
5	Beate Husa	1971	Bergen	Helsebyråd
6	Magne Suphellen	1968	Øygarden	Professor
7	Frøydis Gullbrå	1971	Vaksdal	Kommuneoverlege
8	Jarle Skeidsvoll	1967	Osterøy	Adm. dir
9	Malin Helene Andvik	1992	Alver	Lærer
10	Torbjørn Brosvik	1982	Stord	Seksjonssjef
11	Rebekka Ljosland	1990	Bergen	Samhandlingsdir.
12	Jarle Jacobsen	1974	Sveio	Dagleg leiar
13	Ingvill Kvalsnes Blom	1974	Øygarden	Rektor
14	Harald Rydland	1962	Fitjar	Ordfører
15	Jakob Enerhaug	1967	Bjørnafjorden	Rådgevar
16	Gina Viviann Gjerme	1975	Bergen	Regiondirektør
17	Tom Jarle Istad Kristiansen	1973	Voss	Dagleg leiar
18	Sarah-Muheha Anni Otragane	1995	Bergen	Student
19	Hildegunn Eiane Aarthun	1973	Kvinnherad	Jordmor
20	Inge Andreas Halstensen	1945	Austevoll	Fiskebåtreiar
21	Lisbeth Hanne Fredheim Oma	1964	Kvam	Lærer
22	Ingmar Ljones	1943	Bergen	Pensjonist

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Partiet De Kristne

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Tomas Martin Moltu	1969	Bergen	
2	Lars Kåre Katla	1960	Bømlo	
3	Marita Moltu	1968	Bergen	
4	Magne Djuvik	1955	Bjørnafjorden	
5	Heidi Grindheim Nimoson	1956	Bømlo	
6	Petter Eltvik	1954	Bergen	
7	Bjarnhild Lygre Sjo	1965	Kvinnherad	
8	Mads Fredrick Valencia Osen	1989	Bergen	
9	Roger Dyrøy	1981	Øygarden	
10	Elisabeth Leirgul	1969	Bergen	
11	Peter Obiora Nwafor	1964	Bergen	
12	Lisbeth Haugse Røssland	1970	Kvinnherad	
13	Ole Henry Halleraker	1954	Øygarden	
14	Bjørn Humblen	1957	Alver	
15	Ann-May Aase Eltvik	1955	Bergen	
16	Steinar Simonsen	1965	Bømlo	
17	Otto Gams Steine	1955	Bergen	
18	Helge Torbjørn Bull Hove	1957	Bergen	
19	Stein Undheim	1954	Bjørnafjorden	
20	Audun Jåvold	1957	Vaksdal	
21	Marianne Wiberg	1957	Bergen	
22	Kurt Netskar	1973	Bergen	

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Kystpartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Anne Karin Gullbrå Hilleren	1973	Hauglandshella	
2	Kjetil Berland	1982	Kjerrgarden/Askøy	
3	Marianne Sol Levinsen	1975	Avaldsnes	
4	Hilde Hovden	1982	Hjelmås	
5	Tom Roger Hansen	1963	Tertnes/Bergen	
6	Ole Tverberg	1982	Hjelmås	
7	Morten A. Gullbrå Hilleren	1993	Davanger/Askøy	
8	Julian Kristoffer Enehaug	1990	Bergen	
9	Harald Knut Møgster	1942	Austevoll	
10	Tore Garatun	1985	Ølensvåg	
11	Ove Herman Romslo	1963	Rosendal	
12	Kaare Jæger Stokke	1965	Husnes	
13	Inger Grønbech	1953	Bergen	
14	Geir Jarle Stien	1949	Fyllingsdalen	
15	Kay Kaland Stamnes	1989	Osterøy	
16	Wigdis Færø	1956	Ostereidet	
17	Christian Johan Sæle Gullaksen	1980	Espeland/Bergen	
18	Ann Jorun Hillersøy	1972	Tertnes/Bergen	
19	Torill Tveit	1977	Hanøy/Askøy	
20	Per Eirik Træland	1967	Tertnes/Bergen	
21	Magnhild Nøstbakken	1951	Bømlo	
22	Per-Arne Eidsvaag	1964	Flaktveit/Bergen	

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Liberalistene

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Jan Vindenes	1969		
2	Per Sandberg	1960		
3	Ingrid Hæve Sedal	1989		
4	Fredrik Alexander Jomark	1988		
5	Jørgen Gundersen	1983		
6	Arild Hystad	1971		
7	Thomas Hop Bratholmen	1980		
8	William Haugsøen	1968		
9	Remi Andre Moldskred	1974		
10	Kenneth Skorpen	1975		
11	Martin Ture Birkeland	1989		
12	Erik Andreas Sandal	1952		
13	Michelle Eikeseth	1975		
14	Kristin Krossnes	1979		
15	Robert Midtvedt Soot	1991		
16	Jon Refsdahl	1966		
17	Kenneth Vasquez	1993		
18	Idar Lerum Djupesland	1991		
19	Marius Rutle	1988		
20	Joakim Raun Refsdahl	1993		
21	Arild Ramberg	1991		
22	Maciej Rafal Jakobsen	1993		

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Miljøpartiet Dei Grøne

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Arild Hermstad	1966	Bergen	
2	Josefine Gjerde	1999	Bergen	
3	Nils-Anders Nøttseter	1980	Os	
4	Pauline Tomren	1999	Haus	
5	Natalia Antonia Golis	1980	Øystese	
6	Øystein Ormåsen	1980	Skulestadmo	
7	John-Fredrik Tonnessen	1982	Stord	
8	Katrine Berg Nødtvedt	1990	Bergen	
9	Øyunn Stokkeland Kåset	1999	Bergen	
10	Maria Thomassen	1993	Kolltveit	
11	Øystein Bønes	1977	Bergen	
12	Øyvind Strømmen	1980	Tysse	
13	Janne Kjellevoid Midtbø	1972	Kjerrgarden	
14	Miriam Akkouche	1995	Bergen	
15	Thor Haakon Bakke	1988	Bergen	
16	Christine Henriksen Ødegaard	1973	Bergen	
17	Irenea Karin Camasura Natås	1999	Frekhaug	
18	Jostein Saghaug	1966	Uskedalen	
19	Eline Aresdatter Haakestad	1994	Bergen	
20	Jens Petter Grini Pedersen	1992	Bergen	
21	Birger Kristian Berntsen	1981	Vaksdal	
22	Thomas Remme	1974	Kleppestø	

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Norges Kommunistiske Parti

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Arild Roy Sæther Johannessen	1972		
2	Alexander Nicolaysen Sørnes	1988		
3	Eduardo Javier Solis Correa	1957		
4	Gunnar Sortland	1946		
5	Inger Kristin Aas	1961		
6	Jostein Hansen	1944		
7	Ingrid M. Mjøs Lorentzen	1952		
8	Runa Evensen	1974		
9	Henriette Kollen	1991		
10	Trygve Jan Horgen	1944		
11	Arian Kollen	1991		
12	Per Lothar Lindtner	1947		
13	William Grundt	1952		
14	Torild Minka Horgen	1945		
15	Unni Elisabeth Hovden	1947		
16	Kyrre Grepp	1943		
17	Cecilie Lovise Evensen	1940		
18	Knut Jarle Berg	1948		

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Piratpartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Olav Johannes Handeland	1979		
2	Ståle Olsen	1961		
3	Pavel Knutsen	1989		
4	Amici Nybråten	1992		
5	Ørjan Nystad Langbakk	1978		
6	Njål Henrik Sand	1987		
7	Linda Beate Tørklep	1967		
8	Kari Toreskaas	1990		
9	Terje William Dahl	1969		
10	Jahn Stefan Madsen Orø	1981		
11	Martin Mjelde Tollefsen	1984		
12	Mohamed Yahya Maad	1995		
13	Øyvind Andersen Holm	1969		
14	Svein Mork Dahl	1974		
15	William Thanoothong Svendsen	2000		
16	Thomas Gramstad	1961		
17	Filip Durkan Aasheim	1990		
18	Tobias Brox	1975		
19	Asbjørn Aage Ulsberg	1980		
20	Lars Stormo Anshus	1966		
21	Targeir Attestog	1989		

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Pensjonistpartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Kurt Johnny Hæggernæs	1952	Askøy	
2	Per Inge Vannebo	1959	Bergen	
3	Else Karin Johansen	1942	Øygarden	
4	Jorunn Haugland Saroea	1950	Askøy	
5	Solveig Alise Sjøvoll Meling	1957	Bømlo	
6	Vibecke Tvedt Bruvoll	1958	Bergen	
7	Karl Gustav Opsahl	1942	Bjørnafjorden	
8	Hans Kristian Olsen	1955	Askøy	
9	Audhild Paus	1952	Bjørnafjorden	
10	Frode Martin Blokhus	1971	Kvinnherad	
11	Olav Sørfonn	1947	Bergen	
12	Helge Monsen	1951	Bergen	
13	Magnar Asbjørn Lie	1949	Øygarden	
14	Øystein Erichsen	1957	Fitjar	
15	John Sørli	1962	Øygarden	
16	Leif Magnus Innvær	1954	Stord	
17	Beathe Cesilie Birkeland	1951	Bjørnafjorden	
18	Vidar Moen	1954	Øygarden	
19	Jan Bjarne Engebretsen	1948	Voss	
20	Kjetil Hansen	1976	Øygarden	
21	Ingunn Stenehjem	1952	Øygarden	
22	Knut Amundsen	1952	Askøy	

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Partiet Sentrum

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Dag Sele	1964	Stord	
2	Gunnvor Sunde	1961	Gloppen	
3	Paal Andre Teistedal Myklebust	1977	Bergen	
4	Susanne Tetlie Ingebrigtsen	1994	Bergen	
5	Elisabeth Meling	1978	Bergen	
6	Arez Hasan Sharif	1992	Bergen	
7	Julie Staff-Iversen Eikeland	2000	Bergen	
8	Jan Ove Fjelltveit	1965	Bergen	
9	Lars Jose Silva Helle	1988	Bergen	
10	Marianne Bergsjø Gammelsæter	1963	Øygarden	
11	Leif Egil Bjørsvik	1976	Bergen	
12	Gunvor Sønnesyn	1952	Voss	
13	Thore Hopperstad	1964	Bergen	
14	Audun Haddal	1994	Bergen	
15	Vette Karlsen Eide	1971	Øygarden	
16	Audun Mundal	1966	Gloppen	
17	Alice Karina Vervik	1980	Stad	
18	Terje Kallekleiv	1964	Osterøy	
19	Gunnar Helås	1969	Bergen	
20	Trond Helge Gammelsæter	1960	Øygarden	
21	Stein Robert Osdal	1973	Stad	
22	Christian Eimhjellen Hammer	1982	Leikanger	

Stortingsvalget 2021

Listeframlegg

Stortingsvalget 2021 i Hordaland

Listeframlegg: Raudt

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Sofie Marhaug	1990	Bergen	Stipendiat
2	Terje Kollbotn	1951	Ullensvang	Pensj.bygg/anl.
3	Jeanette Onarheim Syversen	1984	Bergen	Assistent SFO
4	Mohamed Ben Hedi Kallel	1963	Stord	Sveisar
5	Sunniva Andresdottir Vik	2002	Bergen	Student
6	Ingeborg Lohne Hordvik	1982	Austrheim	Helsefagarbeidar
7	Inge Abrahamsen	1980	Askøy	Lærer
8	Bridget Penny	1966	Voss	Lærer
9	Mailiss Solheim-Åkerblom	1989	Bergen	Teolog og org.
10	Helga Holmefjord	1977	Bjørnafjorden	Adjunkt
11	Gaute Lund	1973	Kvinnherad	IT-konsulent
12	Ahmed Chiku Ali Mkalu	1958	Bergen	Spesialkonsulent
13	Anastasia Valerievna Garbar	1988	Bergen	Student
